



Arvid Langøy  
Træet 26  
5986 HOSTELAND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 19/421 - 20/9822

Saksbehandlar:  
Thomas Skår  
thomas.skar@masfjorden.kommune.no

Dato:  
08.04.2021

## Førehandsvarsel om pålegg om å fjerne husbåt og førehandsvarsel om ilegging av tvangsmulkt

**Saka gjeld:** Det er oppført husbåt på din eiendom gbnr 14/10 som ikkje er godkjent av kommunen. Sidan det ikkje er gjeve løyve til oppføring husbåten, må kommunen fylgje opp saka som eit ulovleg tiltak.

### Eigar eller den ansvarleges plikter:

Plan- og bygningslova § 32-3 første ledd seier følgjande om ulovlege tilhøve:

«Ved forhold i strid med bestemmelser gitt i eller i medhold av denne loven, kan plan- og bygningsmyndighetene gi den ansvarlige pålegg om retting av det ulovlige forhold, opphør av bruk og forbud mot fortsatt virksomhet, samt stansing av arbeid.»

### Førehandsvarsel om retting:

I henhold til plan- og bygningslova § 32-2 første ledd vert det med dette gjeve førehandsvarsel om at bygningsmyndigheita med heimel i pbl § 32-3 første ledd, vil vurdere å fatte vedtak om pålegg om fjerning av husbåt dersom husbåt ikkje er fjerna innan 01.09.2021. Kommunen må underrettast skriftleg når husbåt er fjerna.

**Førehandsvarsel om tvangsmulkt:** I henhold til plan- og bygningslova § 32-2 første ledd vert det med dette gjeve førehandsvarsel om at det med heimel i pbl § 32-5 vil kunne verte fatta vedtak om ilegging av tvangsmulkt dersom husbåt ikkje er fjerna innan 01.09.2021.

**Grunngjeving for førehandsvarsel om pålegg om retting:** Oppføring av husbåt er eit tiltak jf. plan- og bygningslova § 1-6 og er søknadspliktig etter § 20-1. Kommunen handsama søknad om dispensasjon for oppføring av husbåt på din eiendom gbnr 14/10. Kommunen gav avslag på søknad i administrativt vedtak 171/2019 datert 28.11.2019. Dette vedtaket vart påklaga og formannskapet i kommunen godkjente søknaden. Fylkesmannen i Vestland klaga på formannskapet sitt vedtak og før klagen frå Fylkesmannen i Vestland vart handsama politisk i kommunen, valgte du å trekke søknaden om husbåt. Sidan det ikkje er gjeve løyve til husbåten, må kommunen fylgje opp saka som eit ulovleg tiltak.

### Førelegg og andre opplysningar:

Det er eigar/tiltakshavar sitt ansvar at plan- og bygningslovas krav, herunder tidlegare gjevne løyver, overhaldast.

Etter plan- og bygningslova § 32-2 andre ledd skal det ved varsel om pålegg opplysast om at eit eventuelt pålegg som ikkje vert etterkome innan fastsatt frist, også vil kunne følgjast opp med forelegg som kan få same virkning som rettskraftig dom, jf. plan- og bygningslova §§ 32-6 og 32-7.

Det orienterast om at «Blir pålegg i rettskraftig dom eller dermed likestilt forelegg ikke etterkommet kan plan- og bygningsmyndighetene la de nødvendige arbeider utføre for regning av den som dommen eller forelegget er rettet mot», jf. § 32-7 første ledd.

Pålegg kan etter pbl § 32-3 fjerde ledd tinglysast som hefte på eigedomen dersom pålegg ikkje gjennomførast.

**Dykkar rettigheter:**

De har rett til å uttale dykk før vedtak om pålegg eventuelt vert fatta. Frist for dette vert sett til 3 veker frå brevets dato, jf. plan- og bygningslova § 32-2.

Med helsing

Roald Kvingedal  
teknisk sjef

Thomas Skår  
sakshandsamar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur*

**Mottakarar:**

Arvid Langøy

Træet 26

5986

HOSTELAND